



Møre og Romsdal fylke

Fylkeshuset  
6404 Molde

Saksnr 2014/412	Arkiv 000	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar DOK / HS	Dato 27.06.2016
--------------------	--------------	------------	--------------------------------	--------------------

### **K-SAK 102/16 KOMMUNEREFORM 2016 - ENDELEG VEDTAK**

Vedlagt følger K-sak 102/16.

Kommunestyret handsama saka i møte 22.06.16 og gjorde slikt vedtak:

**«Kommunestyret vedtek å fortsetje som eiga kommune»**

Hilde Bringsvor Skinnnes  
e.f.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	Molde
Hareid kommune		6060	Hareid
Ulstein kommune	Postboks 143	6067	Ulsteinvik
Sande kommune		6084	Larsnes
Vanylven kommune		6143	Fiskåbygd





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/412
		Arkiv:	000

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
122/16	Formannskapet	14.06.2016
102/16	Kommunestyret	22.06.2016

### KOMMUNEREFORM 2016 - ENDELEG VEDTAK

**Tilråding:**

Kommunestyret vedtek å fortsetje som eiga kommune.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune	postboks 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	postboks 2520	6404 MOLDE
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060 HAREID
Ulstein kommune	Postboks 143	6067 ULSTEINVIK
Sande kommune		6084 LARSNES
Vanylven kommune	Rådhuset	6143 FISKÅ

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 1 røyst.

**Vedtak i Kommunestyret - 22.06.2016**

Kommunestyret vedtek å fortsetje som eiga kommune.

**Møtebehandling:**

Ap, Svein Gjelseth kom med slikt nytt framlegg:

«Kommunestyret bed ordførar om å ta kontakt med Sande kommune for vidare drøftingar om samanslåing av Sande og Herøy»

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 3 røyster. (Ap) Svein Gjelseth, (Ap) Leiv Aarflot og (Ap) Per Kristian Furø røysta for framlegget til Ap, Svein Gjelseth.

**Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016**

Kommunestyret vedtek å fortsetje som eiga kommune.

## **Saksopplysningar:**

Det vert vist til tidlegare kommunestyresaker om kommunereforma

- Kommunestyremøte 19.6.2014, K-sak 80/14
- Kommunestyremøte 17.12.2014, K-sak 170/14
- Kommunestyremøte 28.5.2015, K-sak 68/15
- Kommunestyremøte 25.6.2015, K-sak 84/15
- Kommunestyremøte 28.1.2016, K-sak 7/16
- Kommunestyremøte 28.1.2016, K-sak 8/16
- Kommunestyremøte 17.3.2016, K-sak 48/16
- Kommunestyremøte 28.4.2016, K-sak 55/16

## **Kommunefakta og prosess i kommunereforma**


### **Grunndata**

Herøy kommune ligg ytst ved kysten i den sørvestlege delen av Sunnmøre. Kommunen har eit samla areal på 120 km<sup>2</sup>. Naturen og landskapet er variert og mangfaldig, prega av kystområde med øyar, holmar, fjordar og sund, men også med innslag av skog, myr og fjellområde. Kommunen omfattar fleire bebudde øyar som alle er knytt saman med brusamband. Fosnavåg er kommunesenter. I tillegg omfattar kommunen fleire bygder/mindre tettstader. Kommunen grensar i nordaust mot Ulstein og i sør mot Sande og Vanylven

Busettingsmønster i Herøy kommune er spredtbygd, men konsentrasjonen av innbyggjarar er i aksen mellom Frøystad til Kvalsund inkl. Leine. Her bur om lag 5.200 innbyggjarar. På Bergsøya aleine bur det 3.500 innbyggjarar.

Herøy har i dei seinare åra hatt relativt stabil eller svak vekst i folketalet. Frå 1986 var det registrert 8.069 innbyggjarar og per 1.1.2016 var folketalet på 8.972. Dei fleste innbyggjarane bur i eller rundt kommunesenteret Fosnavåg. Tal frå 2013 viser at 71,4 prosent av befolkninga i kommunen er busette i tettbygde område (mot 69,2 prosent for fylket samla). Kommunen har den siste 10-årsperioden (2006 - 2016) samla sett hatt vekst i folketalet på +7,0 prosent. Fødselsoverskotet i same periode er på +172 og nettoinnflytting er på +428. Innvandrarbefolkninga i prosent av det samla folketalet i kommunen utgjer om lag 11,8%.

Folketalsutviklinga 1986 - 2016 har vore slik grafen under viser.




Kommunen har veg- og ferjesamband nordover via Ulstein og Hareid – og austover mot Ørsta og Volda. Frå Hareid er det ferjesamband vidare til Sula og Ålesund - og hurtigbåtsamband til Giske til Ålesund Lufthavn Vigra. Mot aust gjennom den undersjøiske Eiksundtunnelen ligg Ørsta-Volda Lufthavn Hovden. Mot sør har kommunen vegsamband via Sande og Vanylven til Måløy og Nordfjordeid. Kommunen har daglege anløp av hurtigruta i Torvik.

Kommunen har ei samla arbeidsplassdekning på 91 prosent. Dette plasserer kommunen litt under gjennomsnittet for kommunane elles i fylket; jf. fylkesgjennomsnittet på 96 prosent. I 2014 hadde Herøy størst inn- og utpendling med Ulstein der 522 pendlar frå Herøy og 251 til Herøy. Sande og Hareid har til saman 193 personar som pendlar til Herøy og Herøy har 231 som pendlar frå kommunen til Sande og Hareid.

I følgje SSB sine statistikkar for Herøy i 2013 hadde kommunen ei utpendling på 1238 personar og ei innpendling på 831 personar. Det er i 2013 registrert 4475 sysselsett personar i Herøy kommune og det vil seie at utpendlinga frå kommunen utgjer om lag 27% av den totale arbeidsstokken busett i kommunen.

## Inn- og utpendling etter bustad, hovudstraumar 2014



Hovudstraumar, inn- og utpendling (statistikk frå [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no))

Næringslivet i Herøy er rekna som «et sterkt, solid og internasjonalt orientert næringsliv, med fleire vitale og vekstkraftige forretningsmiljøer knyttet til fiskeriene, offshorevirksomheten, den maritime industrien og shipping».

Slik næringslivet utviklar seg vil det vere behov for fleire landbaserte jobbar i dei ulike bedriftene både innanfor dei tradisjonelle STEM-faga (science, technology, engineering and mathematics) og innanfor administrasjon og leiing.

Herøy kommune er saman med elleve andre kommunar på Sunnmøre ein del av ei samanhengande kjede av maritim verksemd som vert kalla Maritimt Møre. Kommunane som er ein del av Maritimt Møre er Vestnes, Haram, Sula, Giske, Ålesund, Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven og det er her den maritime klynga har sitt tyngdepunkt. Den maritime klynga på Sunnmøre har eit breitt samansett næringsliv med ulike typar kundar og næringsorientering som nyt godt av samspeleffektar, utnytting av stordriftsfordelar, ein god ressursbase i ein godt utvikla arbeidsmarknad. Dette er med å gjere den maritime klynga til ei sterk og robust klynge med gunstige kommunikasjonar og evne til å rekruttere kompetent arbeidskraft

### Prosess

Herøy kommune vedtok 19.6.2014 å delta i lokale og regionale prosessar i samband med kommunereforma. Kommunen skulle ha samtalar og sonderingar med dei andre kommunane på søre Sunnmøre om kommunestruktur. Dette har blitt følgt opp og kommunen har delteke både i lokale og regionale fora der kommunereforma har vore tema. Herøy kommune gjorde tidleg vedtak om løp II og oppnemnde 17.12.2014 styringsgruppe og prosjektgruppe, seinare også eiga arbeidsgruppe med brei deltaking.

Kommunestyret gjorde formelt retningsval 28.januar 2016, og gav forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram to intensjonsavtalar; med Sande og mellom kommunane

på ytre søre Sunnmøre, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Det vart aldri framforhandla intensjonsavtale med Sande aleine.

Administrativt har rådmannen si leiargruppe og hovudtillitsvalde vore involverte tidleg gjennom ei SWOT-analyse. Resultatet av denne vart lagt fram for Formannskap og Kommunestyre. Rådmann og økonomileiar saman med deltakarar frå det politiske nivået gjennomførte eit SWOT-analyse saman med dei fire andre kommunane på Sæbø 3.12 og 4.12.2015(sjå møteoversikt under for Runde kommune).

Det har vore gjennomført egne nabopratar med Sande, Ulstein og Hareid.

#### Prosess med intensjonsavtale for Runde kommune:

- SWOT-analyse (formannskap, kommuneleiing): 3-4.12.15, Sæbø
- Sonderingsmøter: 15/12, 6/1
- Styringsgruppa: Møter 6/1, 25/1, 1/2, 8/2, 12/2, 22/2, 29/2.
- Forhandlingsmøter: 27/1, 4/3, 7/3, 11/3, 30/3. Signert avtale 30. mars 2016.

Arbeidet har vore gjennomført i stor grad av administrativ leiing og kontaktperson for fylkesmannen. Rådmann og kontaktperson har innhenta kunnskap og førebudd saker for politisk handsaming. Resultatet av folkerøystinga samsvarar i stor grad med det som har vore ytra frå politisk side i kommunen. Ein kan såleis påstå at den politiske leiinga er godt samstemt med innbyggjarane sine meiningar.

### **Resultat av prosess**

#### Innbyggjarundersøking 2014

Sentio gjennomførte på vegne av Sunnmøre regionråd ei innbyggjarundersøking i kommunane på Sunnmøre i september 2014, der det m.a. vart spurt om innbyggjarane si haldning til kommunesamanslåing og preferansar med omsyn til kven ein ev. vil slå seg saman med. Undersøkinga viste følgjande resultat: (svar i prosent av dei spurde):

Kommune	Andel pos. til samansl.	Pos. til samansl. m/ Herøy	Pos. til samansl. m/ Sande	Pos. til samansl. m/ Vanylven	Pos. til samansl. m/ Ulstein	Pos. til samansl. m/ Hareid	Pos. til samansl. m/ Volda	Pos. til samansl. m/ Ørsta
<b>Herøy</b>	<b>63</b>	-	<b>73</b>	<b>10</b>	<b>65</b>	<b>42</b>	<b>9</b>	<b>10</b>
Sande	75	68	-	24	46	44	14	13
Vanylven	90	48	53	-	50	32	32	24
Ulstein	69	48	33	10	-	92	12	14
Hareid	78	20	19	4	91	-	11	11
Volda	68	12	8	12	13	11	-	86
Ørsta	78	10	9	9	19	17	94	-

Som statistikken frå spørjeundersøkinga viser er det Sande og Ulstein som peikar seg ut av respondentane som aktuelle kommunar å slå seg saman med over 50%. Det vart også svart frå respondentane at 33% ville halde på dagens organisering.

#### Innbyggjarundersøking 2015

Kommune	Andel pos. til samansl.	Pos. til samansl. m/ Volda	Pos. til samansl. m/ Ørsta					
---------	-------------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------	----------------------------	----------------------------

		Herøy	Sande	Vanylven	Ulstein	Hareid		
<b>Herøy</b>	<b>47</b>	-	<b>69</b>	<b>19</b>	<b>46</b>	<b>28</b>	<b>16</b>	<b>17</b>
Sande	64	72	-	21	42	40	9	11
Vanylven	62	32	50	-	42	24	25	19
Ulstein	70	47	33	16	-	91	20	19
Hareid	68	30	28	8	78	-	9	9
Volda	69	10	7	10	10	9	-	86
Ørsta	46	5	4	4	7	6	93	-

I undersøkinga vart det stil spørsmål om kommunen bør slåast saman med en eller fleire av nabokommunane, slå saman heile Sunnmøre eller vere organisert som i dag.

	2014	2015	Sunnmøre totalt
Samanslåing med ein eller fleire nabokommunar:	59%	38%	49%
Vere organisert som i dag	33%	50%	40%

Dersom kommunesamanslåing, vil den nye kommunen vil løyse fylgjande oppgåver betre eller dårlegare samanlikna med kommunen i dag:

0 = mykje dårlegare og 100 = mykje betre

	2014	2015	Sunnmøre totalt
Politisk styring:	55	46	52
Innbyggarmedverknad:	52	46	46
Helsetenester:	59	56	56
Eldreomsorg:	55	49	52
Barnehagetilbod:	58	52	54
Skule og SFO:	56	54	53
Byggesakshandsaming:	51	48	52

Dersom samanslåing, kor viktig meiner du plassering av rådhuset i ei ny kommune er – kor viktig for deg vil namn på den nye kommunen vere?

0 = ikkje viktig og 100 = svært viktig

	2014	2015	Sunnmøre totalt
Plassering av rådhus i ny kommune:	61	70	55
Namn på den nye kommunen:	51	55	44

Innbyggjarundersøkinga frå 2015 viser mellom anna desse signala:

- For Søre Sunnmøre er det blitt meir skepsis til kommunesamanslåing i dei aller fleste kommunane, jf. tabellen over. Herøy har gått tilbake frå 63% til 47%.
- Deltakarane i undersøkinga trur det vil vere om lag lik kvalitet på samtlege tenester med ny kommuneorganisering samanlikna med dagens organisering.
- Det viser seg langt viktigare å behalde rådhus og kommunenamn for innbyggjarane i Herøy enn i nabokommunane.
- Det er om lag gjensidig interesse mellom innbyggjarane i Sande og Herøy for å gå saman i ei ny kommune med henholdsvis 72% og 69% som er for samanslåing. For Ulstein og Herøy er det også gjensidig interesse for å gå saman i ei ny kommune, men klart færre med henholdsvis 47% og 46%.

### Resultat frå ungdomsundersøking desember 2015

Det vart i desember 2015 gjennomført spørjeundersøking blant ungdomskuleelevane i Herøy kommune om kommunereforma. Dei fekk på førehand kjennskap til signala frå

nasjonalt og regionalt hald og bakgrunnen for samanslåinga. Kommunen fekk svar frå 180 elevar fordelt på 8., 9. og 10.klasse.

- Resultat frå spørjeundersøkinga viser at dei aller fleste meiner Herøy bør vere organisert som i dag 74%.
- Sande vert sett som næraste alternativ dersom Herøy vart tvinga til å slå seg saman med nokon (52%). Sekundært ser dei til Ulstein som alternativ med 32%.
- Ungdomen meiner det vil vere viktig kvar rådhuset ligg (66%) og kva kommunen skal heite (82%).

### Resultat frå folkerøystinga

Det vart gjennomført folkerøysting 19.5.2016 der det låg føre fire alternativ:

Alternativ	Førehands- røysting	Møre barne og ungdomskule	Stokksund skule	Einedalen skule	Herøy kulturhus	Framande Røyster	Samla for alle krinsar
Herøy som no	409	87	123	327	658	94	<b>1698</b>
Runde kommune	91	122	77	43	103	17	<b>453</b>
Herøy og Sande	102	53	62	97	166	26	<b>506</b>
Blank	5	6	5	7	17	0	<b>40</b>

Valdeltakinga var på 39%.

- Herøy som eigen kommune: 63,0 %
- Herøy slår seg saman med Sande: 18,9 %\*
- Runde kommune: 16,8 %
- Blanke røyster: 1,5 %

Det vart gjennomført folkemøte 19.4. og 21.4.2016 som førebuing til valet.

### **Vurdering av kommunen**

Herøy kommune gjennomførte saman med dei fire andre kommunane SWOT-analyse på Sæbø 3.12. – 4.12.2015 der kommunen skulle vurdere seg sjølv som «tenesteutøvar», «tenesteprodusent og utøving av mynde», «demokrati og styringsform» og «økonomi». Svara frå Herøy som vart gjeve då er i stor grad lagt til grunn i den fylgjande oppsummeringa.

### Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar

Herøy leverer gode tenester til brukarane i kommunen med dyktige og pliktoppfyllande tilsette. Kommunen leverer generelt god sakshandsaming og har få pålegg/avvik og tilsyn frå regionale og statlege kontrollorgan.

Kommunen har stor plankapasitet med stor juridisk kompetanse på fleire avdelingar i organisasjonen.

Kommunen nyt også godt av eit godt leiarteam og har ei god leiaropplæring.

I forhold til legerekuttering har Herøy utfordringar med å tilsette legar i alle stillingane. Kommunen opplever også utfordringar innan IKT og eigedomsforvaltning. Nokre fagområde kan såleis seinast å vere små og sårbare.

#### Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggjarane

Dette punktet vert sett i samheng med «kommunen si rolle som tenesteutøvar».

Oppsummert har kommunen stor juridisk kompetanse i kommunen og sakshandsamarane har tilstrekkeleg distanse til innbyggjarane slik at alle innbyggjarar skal få lik behandling i kommunen.

#### Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar

Rolla som samfunnsutviklar er utfordrande, men kommunen har høg kompetanse og kapasitet innan dei aktuelle fagområda for å vere trygg på rolla som samfunnsutviklar. Kommunen har eit godt samarbeid med næringsliv, lag og organisasjonar som bidreg i fellesskap til utvikling av lokalsamfunnet. Det er også sterk politisk deltaking i utviklingsprosjekt. Byutviklingsprosjektet i Fosnavåg kan nemnast som det ferskaste eksempelet på felles planlegging med sterk politisk deltaking.

Sjølv om kommunen har rolle som samfunnsutviklar i alle delar av kommune der ein kan vise til utvikling og tilrettelegging har ein utfordringar knytt til sentrum – periferiproblematikk og felles identitetsskjensle.

#### Vurdering av kommunen som demokratisk arena

Kommunen som demokratisk arena må seiast å vere god. Kommunestyret har god representasjon frå heile kommunen med god kjønnsfordeling, alderssamansetting og engasjerte politikarar. Det er også lett for publikum å ta kontakt med politikarane i saker som engasjerer. Det er mange folkevalde involverte i avgjersler som vert tekne. Med ei mellomstorkommune med rundt 9.000 innbyggjarar føler også politikarane at dei har ei god oversikt over kommunen.

Likevel har den politiske nivået utfordringar knytt til heilskapstenking då det fort kan verte detaljfokus i enkeltsaker. Mange politikarar har også særinteresser som dei er engasjert i, men som kanskje ikkje er like interessert i heile det politiske feltet. Spørsmål knytt til habilitet kan også vere ei utfordring i enkeltsaker.

Som for mange andre kommunar er også valdeltakinga på veg ned og det er uklart om dette skuldast manglande engasjement frå innbyggjarane eller andre faktorar.

#### Vurdering av økonomisk status og utvikling

*Vurder eigen kommune si økonomiske status og utvikling i lys av framtida sine utfordringar?*

Herøy kommune er prisgitt dei inntektsrammene som regjeringa/stortinget set.

Dersom dei økonomiske overføringane vert redusert må kommunen ty til eigedomsskatt skal ein halde fram med det tenestetilbodet kommunen har i dag.

Skatteinntektene i Herøy kommune er også vanskeleg å forutsjå då det kan vere store svingingar i det private næringslivet der store aktørar innan offshore og fiskeri har hatt og har ei utfordrande periode.

*Er kommunen din bærekraftig og økonomisk robust ?*

Herøy sin økonomi er berekraftig. Ein har klart seg godt med avgrensa ressursar i fleire år, men storleiken på kommunen sine fond gjer at ein ikkje kan takle økonomisk dårlegare vilkår i meir enn eit år eller to. Herøy kommune har effektiv drift og einingane er flinke til å halde tildelte rammer.

*Vurdere eigen kommune sin handlefridom – framtidig investeringsbehov, ROBEK osv...*

Handlefridomen til kommunen er avgrensa. Mykje av dette skuldast manglande langsiktig tenking frå høgare hald. I tillegg vert dei økonomiske rammene stadig redusert enten gjennom mindre statlege overføringar og/eller trekk av skjønsmidlar utført av fylkesmannen. Statlege pålegg gjer at investeringsbehovet framleis er stort, men om ein har økonomi til å gjennomføre dei står att å sjå. Valet kan bli enten å bygge eller å betale ulike dagbøter gitt av statlege kontrollstyresmakter (arbeidstilsynet etc). Det er ikkje noko som taler for eit snarleg medlemskap i ROBEK – og Herøy kommune er no ei av få kommunane som enno ikkje har tatt i bruk eigedomsskatt som mogeleg inntektskjelde.

Kommunen har også RDA-ordninga som er med å gir moglegheiter for samfunnsutvikling som kjem innbyggjarane til gode. Ordninga varer førebels fram til 2019.

**Vurdering og konklusjon:**

Med bakgrunn i folkerøystinga 19.5.2016 og to innbyggjarundersøkingar hhv. 2014 og 2015 og ei ungdomsundersøking rår rådmannen til at kommunestyret vedtek å fortsetje som eiga kommune.

Fosnavåg, 06.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn